

## Referat frå Studentparlamentmøte 06.11.18

<b>Tid</b>	06. november 2018 kl 17.00-19.20
<b>Stad</b>	Kaarstad 202
<b>Til stades med stemmerett:</b>	<b>AHL:</b> Lars J. Kippervik, Stine-Mari Sjøholt
11	<b>AKF:</b> Mathilde Gaalaas-Berg, Sigmund Bratlie
representantar	<b>AMF:</b> Julie Hjermstad, Elen Haksø
	<b>ASH:</b> David Bernatek, Trond-Fredrik Hoddevik (vara for Paloma L Alonso)
	<b>FR:</b> Synnøve O. Tangen, Irmelin A. Losvik, Marte Nesfossen
<b>Til stades utan stemmerett:</b>	<b>AU:</b> Simen Langeland (leiar), Tina Wilke (internasjonalt ansvarleg), Erlend A. Rossen (informasjonsansvarleg), Trym N. Rimmen (velfedsansvarleg)
	<b>Faste møtande:</b> Bernt Inge Berge (kontrollkomitéen), Kristine Langdal (referent)
	<b>Ordstyrar:</b> Oda N Skoglund
	<b>Inviterte gjestar:</b> Eirik Westlie (tom sak 25), Sara Bergland (tom sak 25)

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## Sak 00 – 18/19 Konstituering og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Ordstyrar

---

Namneopprop.

11 røysteføre. Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

### **Vedtak:**

Oda N Skoglund vart vald til ordstyrar.  
Bernt Inge Berge og Erlend A. Rossen vart valde til teljekorps.

## Sak 16 – 18/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Ingen merknad til innkallinga.

Til dagsorden:

- Forslag fremja om å flytte fram sak 25 til etter sak 19.
- Tina Wilke ynskja å halde ei orientering om høyring angående forskrift for opptak, studium og eksamen.
- Sara Bergland ynskja å halde ei orientering om Høgskulestyret.

### **Vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner innkallinga.  
Parlamentet godkjenner dagsorden, medrekna flytting av sak 25 til før sak 19 og to ekstra orienteringar.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## Sak 17 – 18/19 Godkjenning av referat frå 04.10.2018

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Ordstyrar

---

Ingen innvending til referatet.

### **Vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist parlamentmøte, 04. oktober 2018.

## Sak 18 – 18/19 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Arbeidsutvalet v/Simen Langeland

- Studentrådet Vestlandet var i Volda 23.-24.10. Det handla mykje om psykisk helse, samt dei ulike leiarane si rolle i studentdemokratia dei jobba for.
- Biblioteket på BK har fått utvida opningstider, 07 – 24.00 kvar dag.
- Det har blitt satt ned arbeidsgruppe for å utarbeide retningslinjer for Fadderveka. Gruppa skal bestå av representantar frå faddervekestyret 18 og representantar frå AU.
- Studiebarometeret er i gong. Frist for å besvare er 13.11.19.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## SHOT arbeidsgruppa v/ Julie Hjermsstad

- Gruppa hadde møte 19.10.
- Det blir eit tema på kvart møte. Gruppa skal invitere inn fagpersonar, lærerar og andre relevante til møte.
- Arbeidsgruppa satt ned 5 områder dei skal arbeide med;
  1. Einsemd
  2. Fysisk helse
  3. Trakassering
  4. Narkotika/alkohol
  5. Trivsel med studiet

## NSO konferansen v/ Irmelin Losvik

- Konferansen var i Sandvika utanfor Oslo.
- Tema var «hvorforskal vi bry oss».
- Mange interessante innlegg, både frå politisk hald, Greenpeace, FRI, Studentorganisasjon i Irland og fleire andre instansar. Dei snakka og ein del om konverteringslova som går på stipendordninga. Mange engasjerte spørsmål og debattar både i plenum og i grupper.
- Artikkel om helga ligger i bloggen på student.no

## Høgskulestyret v/ Sara Bergland

- Rapport om opptak: Det er 4009 studentar ved Høgskulen i Volda. Gode søkjartal til grunnutdanningane, mastergrad og vidareutdanning.
- Styreseminar i oktober: Kartleggjing av studieporteføljen ved Høgskulen. Bakgrunnen var rapport frå NIFU.
- Nytt valreglement: Prorektor går ut av styret.
- Oppfølging av studiebarometeret 2017: det har blitt satt opp 7 overordna punkt
  1. Styrking av fagutval og kvalitetsutval
  2. Betre informasjon om utdanningssamtalar
  3. Forbetring av Undervisningskvalitet
  4. Vidareutvikling av Canvas
  5. Kurs i Canvas for alle som underviser
  6. Betring av lokaler for undervisning og rettleiing
  7. Rekruttering til studiebarometeret 2018

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18



Orientering frå Tina Wilke

- Studentparlamentet kan kome med høyringsvar til Høgskulen når forskrift for opptak, studium og eksamen skal reviderast.
- Innspel frå parlamentet kan sendast på epost eller til Tina.
- Høyringsfrist 13.11.18

## Sak 19 – 18/19: Fadderveka rekneskap

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Studentparlamentet er øvst ansvarleg for Fadderveka. Arbeidsutvalet i parlamentet utnemner faddervekestyret og fylgjer opp arbeidet deira gjennom året. Faddervekestyret melder tilbake til parlamentet om arbeidet og har tett dialog med AU. Rekneskapet for Fadderveka 2018 blei fulgt opp av sponsor/økonomiansvarleg Silje Senning og leiar Julie Hjermstad i Faddervekestyret i samarbeid med organisasjonskonsulent Kristine Langdal i Studentparlamentet som har ansvar for å ferdigstille. Studentparlamentet skal godkjenne rekneskapet.

Fadderveka rekneskap 2018 var vedlagt i papirform på møtet.

Det var høve til å stille spørsmål.

Votering: Einstemmig vedtatt ved handsopprekking

**Vedtak:** Rekneskapet for Fadderveka 2018 godkjennast av Studentparlamentet.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## Sak 20 – 18/19: Bruk av overskot frå Fadderveka

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland/Julie Hjernstad

---

**Julie Hjernstad kom med forslag til vedtak:** Benytte noe av overskuddet fra Fadderveka 2018 til sosiale formål ved Høgskulen i Volda. Sette opp ei arbeidsgruppe av representanter fra Studentparlamentet som kan utforme og planlegge arrangementet.

### Begrunning:

Fadderveka 2018 satt igjen med en god sum penger etter endt Fadderveke. Mitt forslag som tidligere leder, representant i LMU og representant i Studentparlamentet er derfor å bruke noe av pengene på noe som er sosialt og gavner alle studentene ved HVO. Det kan være seg stand-up, foredrag eller liknende. Formålet med benyttelsen av pengene må være at det skal være et godt tilbud til alle studenter og gratis. Det er et såpass stort overskudd fra Fadderveka at studentene som deltar på det gitte arrangementet ikke behøver å bruke penger. Dette vil tiltrekke mange folk og oppleves positivt. Mitt forslag til arrangement kan være å invitere Tusvik og Tønne. Dette var noe vi hadde lyst til å få til i løpet av Fadderveka 2018, men de var ikke tilgjengelige da.

Det vart opna for spørsmål

Votering: Handsopprekking

**Vedtak:** Benytte noe av overskuddet fra Fadderveka 2018 til sosiale formål ved Høgskulen i Volda. Sette opp ei arbeidsgruppe av representanter fra Studentparlamentet som kan utforme og planlegge arrangementet.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18



**Det blei fremja eit forslag til vedtak av Simen J. Langeland:** Studentparlamentet setjer ned arbeidsgruppa på møtet 06.11.

Votering: Handsopprekking

**Vedtak:**

Studentparlamentet setjer ned arbeidsgruppa på møtet 06.11

Det blei spurt etter friviljuge frå Studentparlamamentet til å sitje i arbeidsgruppa.

Marte Nesfossen, Simen Langeland, Julie Hjermstad melde seg til å vere med i gruppa.

**Vedtak:**

Arbeidsgruppa som skal planlegge arrangement for studentar med bruk av delar frå overskotet frå Fadderveka 2018 består av Marte Nesfossen, Simen Langeland, Julie Hjermstad.

Arbeidsgruppa skal halde Studentparlamentet orientert om planlegginga.

## **Sak 21 – 18/19: Endring av vedtektene – nytt kapittel om Fadderveka og ekstra verv**

Type sak: Vedtaksak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Simen orienterte om saka. Studentparlamentet ved AU og organisasjonskonsulent har pr i dag ansvar for oppfølging av Fadderveka, i form av oppfølging under fadderveke-perioden, og økonomiansvar. Parlamentet bør sikre at fadderveka har ein robust og forsvarleg ramme som sikrar god kvalitet for fadderveka i fremtida.

3 forslag til vedtak følgjer

---

### **1. Forslag til vedtak: Reglar for val av faddervekestyret skal fastsettast av Studentparlamentet, og inngå i vedtektene. Sjå forslag til tekst under:**

#### **Forslag til tekst i vedtektene:**

##### *§ 10 Val av Faddervekestyret*

- a) *Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val for Faddervekestyret.*
- b) *Dei som ynskjer å stille til val må sende skriftleg søknad til Arbeidsutvalet. Søknadsprosessen skal vare i minimum to veker. Denne prosessen må vere i gang innan utløpet av november, og dette har Arbeidsutvalet ansvaret for å promotere.*
- c) *Søklarane vurderast, og tilsetjing av faddervekestyret er eigen vedtakssak på møte i arbeidsutvalet så snart søknadsprosessen er avslutta.*
- d) *Faddervekestyret skal bestå av seks studentar:*
  1. *Leiar*
  2. *Fadderansvarleg*
  3. *Sponsoransvarleg*
  4. *PR-ansvarleg*
  5. *Arrangementsansvarleg*



# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## 6. Nestleiar

e) *Organisasjonskonsulenten i Studentparlamentet fører rekneskap for fadderveka i samarbeid med faddervekestyret. Det skal utarbeidast eigne retningslinjer for Fadderveka sitt rekneskap som skal presenterast for styret når dei er tilsett.*

f) *Faddervekestyret skal levere evalueringsrapportar frå kvar enkelt verv til arbeidsutvalet innan 15.oktober. For utfyllande informasjon om arbeidskrav for faddervekestyret, sjå «Arbeidskrav faddervekestyret».*

**Votering:** Einstemmig vedteke ved handsopprekking

**Vedtak:** Reglar for val av faddervekestyret skal fastsettast av Studentparlamentet, og inngå i vedtektene med foreslått tekst:

### § 10 Val av Faddervekestyret

a) *Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val for Faddervekestyret.*

b) *Dei som ynskjer å stille til val må sende skriftleg søknad til Arbeidsutvalet. Søknadsprosessen skal vare i minimum to veker. Denne prosessen må vere i gang innan utløpet av november, og dette har Arbeidsutvalet ansvaret for å promotere.*

c) *Søklarane vurderast, og tilsetjing av faddervekestyret er eigen vedtakssak på møte i arbeidsutvalet så snart søknadsprosessen er avslutta.*

d) *Faddervekestyret skal bestå av seks studentar:*

1. *Leiar*

2. *Fadderansvarleg*

3. *Sponsoransvarleg*

4. *PR-ansvarleg*

5. *Arrangementsansvarleg*

6. *Nestleiar*

e) Organisasjonskonsulenten i Studentparlamentet fører rekneskap for fadderveka i samarbeid med faddervekestyret. Det skal utarbeidast eigne retningslinjer for Fadderveka sitt rekneskap som skal presenterast for styret når dei er tilsett.

f) Faddervekestyret skal levere evalueringsrapportar frå kvar enkelt verv til arbeidsutvalet innan 15.oktober. For utfyllande informasjon om arbeidskrav for faddervekestyret, sjå «Arbeidskrav faddervekestyret».

---

*Forslag 2 og 3 blei stilt opp mot kvarandre.*

## **2. Forslag til vedtak: Utviding av faddervekestyret, frå 5 til det har vore før til 6 honorerte verv. Det nye vervet er arrangementsansvarleg.**

**Forslaget er fremja av: Simen J. Langeland**

**Begrunning:** Tidligere år har vist seg at faddervekestyret er sårbart når dei består av 5 personar, og fråfall av eit medlem vil svekkje ressursane til styret drastisk. Eg ynskjer derfor at fadderveka utvidast til 6 personar og at styret frå og med 2019 skal ha to arrangementsansvarleg. Det er eit verv med mykje ansvar og med to personar vil det minske sannsynlegheita for at resten av styret må jobbe aktivt med arrangementansvar i tillegg til eigne oppgåver.

---

## **3. Forslag til vedtak: Utviding av faddervekestyret, frå 5 som det har vore før til 6 honorerte verv. Det nye vervet er nestleiar.**

**Forslaget er fremja av: Trym N. Rimmen**

**Begrunning:** Ved at det nye vervet i styret er nestleiar, er styret i Fadderveka er fristilt til å bestemme kva arbeidsoppgåver nestleiar skal gjere, sånn at ressursane kan brukast der dei trengs mest. Nestleiar er stadfortredar for leiar ved leiars fråver.

---

**Votering:** Urneval.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

**Vedtak:** Utviding av faddervekestyret, frå 5 som det har vore før til 6 honorerte verv. Det nye vervet er nestleiar.

## Sak 22 – 18/19: Omval av forslag til investeringsbudsjett for HVO 2019

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Simen orienterte om saka. Eit av forslaga frå Studentparlamentet til investeringsbudsjettet til HVO 2019 (forslag 2) fremja sist tel ikkje som investering, og difor kan parlamentet kome med eit nytt forslag.

*Desse forslaga blei stemt fram 04.10.18 (i prioritert rekkjefølgje):*

*1. Støtte til kjøp av digitale verktøy for digitalisering av lærer og barnehageutdanning, og studentprisar på programvarer i Adobepakken.*

*~~2. Ei rådgjevarstilling på skulen som kan rettleie og støtte for studentar med dysleksi t.d hjelp til oppgaveskriving og tilrettelegging for desse studentane.~~*

*7. Fokus på sosialt miljø, lage til sosialt opphaldsrom på BK og kjøpe inn sofa, pin-pongbord og lage til cafe i lounge på BK.*

*3. Oppgradere luftsystema i klasseroma.*

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18



**Forslag til vedtak:** Studentparlamentet kjem med eitt nytt forslag til investeringsbudsjettet. Dei veljer frå lista over forslag som kom fram på sist møte 04.10.18, sjå under:

1. Støtte til kjøp av digitale verktøy for digitalisering av lærer og barnehageutdanning
2. ~~Stilling på skulen rådgiver til støtte for studentar med dysleksi t.d hjelp til oppgaveskriving~~
3. Oppgradere luftsystema i klasseroma.
4. Fleire drikkefontener på skulen
5. Forlesningsrom med plass til opp til 100 studentar
6. Forbetring av Strøm auditoriet
7. Fleire sofagrunder/møteplassar
8. Meir rabattar på Adobepakken til studentar
9. Fokus på sosialt miljø, lage til sosialt opphaldrom på BK
10. Studentprisar for programvarer
11. Nye PC-ar til musikkdatalaben
12. Lounge in BK with sofa, pin-pongbord og cafe
13. Exam-laptops for students to borrow if they cant't use their own (instead of writing per hand in this case)

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

---

**Matilde fremja eit endringsforslag:** Leggje til på slutten av setninga som utgjer forslag 1: « , Pro Tools og Sibelius.»

**Begrunning:** Det er fleire programvarer som er relevante for studentane enn berre Adobepakken, så det burde leggjast til at studentprisane skal gjelde programvarene Pro Tools og Sibelius også. Setninga i forslag 1 som blei vedtatt på førre møte lyder:

*1. Støtte til kjøp av digitale verktøy for digitalisering av lærer og barnehageutdanning, og studentprisar på programvarer i Adobepakken.*

**Votering:** Urneval

**Vedtak:** Legge til forslag 1: , Pro Tools og Sibelius

Setninga blir etter endringa

*1. Støtte til kjøp av digitale verktøy for digitalisering av lærer og barnehageutdanning, og studentprisar på programvarer i Adobepakken, Pro Tools og Sibelius.*

---

**Matilde fremja eit endringsforslag:** Legge til forslag 3: og spesialrom

Begrunning: Det er ynskjeleg at luftsystema i spesialroma også forbeholdt, då er dårleg luft på desse roma, og dei er ofte i bruk.

*3. Oppgradere luftsystema i klasseroma.*

**Votering:** Urneval

**Vedtak:** Legge til forslag 3: og spesialrom

Den nye setninga blir etter endringa:

*3. Oppgradere luftsystema i klasseroma og spesialrom.*

---

**Sigmund fremja forslag om å opne dagsorden**

Votering: Vise stemmeteikn.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

**Vedtak:** Opne dagsorden

---

## **Forslag til vedtak: Endre rekkjefølge forslaga som blei vedtatt på førre møte 04.10.18**

**Votering:** Einstemmig vedtatt ved handsopprekking

**Vedtak:** Endre forslaga som blei vedtatt på førre møte 04.10.18

---

## **Forslag til vedtak: Stemme inn to nye forslag til lista over forslag til investeringsbudsjett 2019**

**Votering:** Einstemmig vedtatt ved handsopprekking

**Vedtak:** Forslag 13 og 11 blei vedteke ved urneval

---

Liste som sendast inn til høyring om investeringsbudsjettet for 2019 frå Studentparlamentet (i prioritert rekkjefølgje):

1. Støtte til kjøp av digitale verktøy for digitalisering av lærer og barnehageutdanning, og studentprisar på programvarer i Adobepakken, Pro Tools og Sibelius.
13. Exam-laptops for students to borrow if they cant't use their own (instead of writing per hand in this case)
3. Oppgradere luftsystema i klasseroma og spesialrom.
7. Fokus på sosialt miljø, lage til sosialt opphaldsrom på BK og kjøpe inn sofa, pin-pongbord og lage til cafe i lounge på BK.
11. Nye PC-ar til musikkdatalaben

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## Sak 23 – 18/19: Omval av studentrepresentantar i klagenemnda

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

Simen Langeland orienterte om saka. Det må haldast omval av studentrepresentantar i klagenemnda. Grunngevinga er at det må vere kjønnsbalanse i nemnda. Dei faste representantane må anten vere to kvinner, eller ein mann og ei kvinne.

Votering: Einstemmig vedtatt ved handsopprekking

**Vedtak:** Studentparlamentet byttar på rekkjefølgja av dei representantane som blei valde på sist møte: bytte hovudrepresentant Trym N. Rimmen ned til 1. vara og 1. vara Marion Gustavsens opp til hovudrepresentant.

<b>Klagenemnda</b>	
Hovudrepresentant	Håvard Bjørnerem
Hovudrepresentant	Marion Gustavsens
1. vara	Trym N. Rimmen
2. vara	André K. Svarstad

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18



## Sak 24 – 18/19: Kurs for studentar

Type sak: Diskusjonssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Simen Langeland orienterte om saka. AU er interesserte i å høyre parlamentet sine forslag til eventuelle kurs som studentar kan ha nytte av.

Nokre av forslaga som kom fram:

- InDesign
- Kurs i Studieteknikk
- Kurs i Adobepakken generelt, i tillegg til InDesign
- Jobbsøking
- Stressmestring
- Bo-kurs
- Swingkurs
- Matkurs
- Økonomikurs
- Førstehjelp

Det gjerast ikkje vedtak i diskusjonssaker.



# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## Sak 25 – 18/19: Studentnatteravn

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Eirik Westlie

---

### Saksframlegg frå Eirik Westlie:

I Fadderveka dette semesteret var det edruvakter med bil, som var ei trygghet for alle som var til stades for alle som hadde behov for det. Dette kunne ha vore noko som kunne ha vore på plass resten av året også. Forslaget til Eirik var å starte ein studentorganisasjon med frivilljuge som kunne vere natteravnar rundt ein gong i månaden, eller ved store arrangement i Volda. Ein kunne eventuelt tatt kontakt med relevante aktørar for kursing/opplæringar.

Det blei opna for diskusjon.

Tilbakemeldingane frå Studentparlamentet var blanda. Nokre av forslaga frå parlamentet:

- Ein kan undersøkje om natteravnane i Volda er operative og eventuelt innleie ein dialog med dei.
- Ein kan eventuelt ta opp saka med Rokken.
- Om frivilljuge skal stille med bil kan ein ha ei ordning med køyregodtgjersle.
- Ein bør ha nokre fordelar for dei som engasjerar seg frivilljug som natteravnar.
- Det bør vere nokon på vakt som disponerer bil.
- Vaksne burde ta ansvar sjølv for å kome seg heim sjølv. Å bruke ein heil kveld/natt på å køyre folk heim er det ikkje sikkert mange er interesserte i.
- Det bør vere eit tydeleg regelverk på korleis det skal gjennomførast.

Det gjerast ikkje vedtak i diskusjonssaker.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18

## Sak 26 – 18/19: Hyttetur for parlamentet – orientering og fastsettelse av dato

Type sak: Orientering/Vedtaksak  
Sakshandsamar: Irmelin Losvik

---

Hytteturen er eit felles opplegg der både faste og vara er inviterte. Det blir kjøpt inn mat til alle, og evt drikke må ein stille med sjøl. Det blir satt opp ei rydde/vaskeliste slik at oppryddinga går greit. Turen går over ei natt, og vi prøver så langt det lar seg gjere å kjøre privatbilar opp. Det blir dekt drivstoff.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet stemmer over dei tre forslaga under:

- **Forslag 1:** Vi ønskjer å leggje hytteturen til helga i uke 47, 24-25. November.
- **Forslag 2:** Vi ønskjer å leggje hytteturen til helga i uke 48, 1-2. Desember.
- **Forslag 3:** Vi ønskjer å leggje hytteturen til helga i uke 49, 8-9. Desember.

Votering: Urneval

**Vedtak:** Vi ønskjer å leggje hytteturen til helga i uke 48, 1-2. Desember.

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18



## **Sak 27 – 17/18: Eventuelt**

Type sak:

Sakshandsamar:

---

Ingen saker vart melde inn til eventuelt

# Studentparlamentmøter 18-19

Møtedato 06.11.18



## Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring

Sakshandsamar: Simen J. Langeland

---

Etter formell møteslutt tek vi ei runde der Studentparlamentet kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda, møterom og gjennomføring av møta m.m. Slik blir møta betre, og AU og Studentparlamentet har heile tida dialog om korleis ein ynskjer møta.

*Møteslutt 19.20*